



Alle søkjarane

Dato: 27.04.2017  
Vår ref.: 2014/22427-73  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.:

## Svar på søknad om tilskot til punktutbetring og trygge skuleveggar - 2017

Ved fylkestinget si handsaming av sak PS 91/2016 *Årsbudsjett 2017/økonomiplan 2017-2020* den 13. desember 2016 vart det gjort slikt vedtak:

### ***Punktutbetringar av vegnett og sikre skuleveggar***

*Vedlikehald og punktutbetringar på fylkesvegane skal aukast og midlane skal prioritarast slik at ein sikrar tryggare skuleveggar.*

Det vart sett av 20 millionar kroner.

Fylkestinget vedtok i mars 2017 at midlane i sin heilskap vert gjort til ei tilskotsordning for kommunane med søknadsfrist 1. april 2017. Innan fristen kom det inn 38 søknader frå totalt 23 kommunar. Søknadssummen var på 58,3 mill. kr.

Utval for miljø og samferdsel (MISA) fekk ansvaret for midlane, og gjorde i sitt møte den 20. april slikt vedtak:

- 1. Utval for miljø og samferdsel (MISA) ser positivt på at ein har fått inn så mange gode søknader, og ber fylkesrådmannen arbeide vidare med dei tiltaka som ikkje fekk tilsegn i tida som kjem.*
- 2. Utval for miljø og samferdsel (MISA) gjev tilsegn til følgjande søknader:*

Nr.	Kommune/pri.	Namn på tiltaket	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY 1	Fortau, gangfelt og lys, Erdalsvegen	Sikring av 5 kryssingspunkt	2 200 000
2	AUSTRHEIM 2	Veglys, Mastrevik-Toftegård	Veglys, Mastrevik-Toftegård. 2,2 km	1 270 000
3	BØMLO 1	Veglys, Moster	Etablere veglys 600 meter, Totland-Grunnavågen, Moster	850 000
4	FJELL	Utbetring av Ebbesvikvegen	Utbetring av Ebbesvikvegen. 460 meter. Vegbredde, fortausbredde, grøfting, belysning, murar, avkjørsel	2 000 000
5	KVAM	Utbetring av veg, Øystese	Omlegging av veg opparbeiding av gangfelt. Opparbeiding av fortau, lys, asfaltering, siktutbetring. 110 meter	3 500 000
6	KVINNHERAD	Veglys og kantstopp, Løfallstrand	Veglys og kantstopp for buss for skuleborn	1 600 000
7	MASFJORDEN	Punktutbetring 18 punkt	Utbetring av 18 punkt langs FV 570.	2 000 000

8	OS	Veglys, Åsen	Bytte av kvikksølvlys på eksisterande stolpar.	250 000
9	STORD 2	Intensivbelysning Leivik sentrum Kulturhuset	Fullføring av prosjekt med intensivbelysning i Leivik sentrum.	300 000
10	TYSNES	Fjellvegen, Onarheim	Kantsikring, siktutbetring, mur/autovern, utviding møteplass på Fjellvegen, 100 m.	1 530 000
11	ULLENSVANG	Veglys, Sekse	Veglys, 100 ljospunkt, 2,5 km.	2 000 000
12	ULVIK	Fortau, Tyssevikvegen	Etablere fortau for å betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar.	2 000 000
13	VAKSDAL 1	Mjuke trafikantar, Vaksdal (Duesvingen)	Utbetring og fullføring av ts tiltak for mjuke trafikantar og trygg skuleveg i Vaksdal (Duesvingen).	500 000
	<b>SUM</b>			<b>20 000 000</b>

Møteprotokoll og saksframlegg til sak PS 50/2017 finn ein her:  
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=579>

### Om kriteria sett til tiltaka og prosessen vidare

Intensjonen bak midlane er punktutbetring og trygg skulevegar, og dette var ein føresetnad ved tildeling av midlane. Det er kommunane sjølv som skal ha ansvaret for gjennomføringa av tiltaket. Vidare vert det opna for at kommunen sjølv kunne vere med å dekke delar av tiltaket. Dette måtte i så tilfelle opplysast om i søknaden.

Krav til tiltaket:

- Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.
- Tiltaket bør ferdigstillast i løpet av 2017.
- Tiltaket må omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.
- Ferdig planlagte prosjekt vil verte prioritert.
- Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Dette må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.
- Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.
- Tilskotssummen kan vere på inntil 4 mill. kr.
- Tiltaka kan ha kommunal medfinansiering. Dette må i tilfellet opplysast om i søknaden.

Det vart opna for at dersom det var gode grunnar for det kunne tiltaket vere toårig, det vil seie at det vert ferdigstillt i 2018. Bakgrunnen for dette er at det kan verte krevjande å få gjennomført tiltaket innan 2017.

### Om prosessen vidare

Fylkesrådmannen minner kommunane om kriteria som er sett til midlane, og ikkje minst at det er kommunane sjølv som er byggherre, og med det er ansvarleg for at dei aktuelle tiltaka vert gjennomført som omsøkt. Kommunane er og ansvarleg for kostnadane.

Ettersom tiltaka er på fylkesveg er det svært viktig at kommunane så snart som råd tek kontakt med Statens vegvesen for nærare avklaringar og naudsynt informasjon. Det er viktig med ein god dialog mellom kommunen og Statens vegvesen gjennom heile prosessen.

- Prosjektet må prosjekterast og byggast i samsvar med Statens vegvesen sine normalar og retningslinjer. Hugs å få grunnlagsinfo frå Geodata hjå Statens vegvesen for korrekt innmåling og innlegging av data i NVDB. Den enkelte kommune bør ta kontakt med den enkelte vegseksjon for å sikre god datafangst og oppfølgingsrutinar før oppstart. Det skal vera underskrivne gjennomføringsavtalar **før** oppstart av anlegget etter Statens vegvesen sin mal.
- Eventuelle kommunale leidningar og infrastruktur skal byggjast etter kommunaltekniske normer. Hugs at det skal søkjast om nedlegg av kablar, røyr m.m. til Statens vegvesen.
- Kommunen skal vere prosjektet sin byggherre på vegne av fylkeskommunen, og er ansvarleg for at prosjektet vert bygd etter gjeldande lovverk og reguleringar.

- Kommunen er ansvarleg for å gjennomføre all grunnverv og prosjektering/byggeplanlegging. Hugs at oppmåling og grunn skal overførast Statens vegvesen på vanleg etter Statens vegvesen sin metode.
- Kommunen skal sende arbeidsvarslingsplan til Statens vegvesen som skal godkjennast før byggestart.
- Kommunen er ansvarleg for utlysning og gjennomføring av anbudet iht. lov om offentlege anskaffingar.
- Statens vegvesen skal godkjenne og overta anlegget etter det er ferdigstilt på vegne av Hordaland fylkeskommune. Overtaking av veganlegget skal skje ved eigen overtakelsesforretning etter at anlegga er ferdigstilt etter nærare avtale. Det er kommunen som skal **overta** anlegget frå entreprenør, og kommunen skal **overlevere** til Statens vegvesen med gjeldande dokumentasjon.

Tilskotssummen vil verte utbetalt når tiltaket er ferdigstilt. Fylkeskommunen har utarbeida eit enkelt rapporteringsskjema som kommunane skal nytte til dette (vedlagt). Fylkeskommunen minner om at rapporteringsskjemaet skal innehalde både før- og etterbilde.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Lise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Statens vegvesen Region vest

Vedlegg

1 Rapporteringsskjema 2017. Punktutbetring og trygge skuleveggar